

Referat frå styremøte i Norsk fysisk selskap

Dato: 16. februar 2015 kl. 14.30

Stad: Møte vart gjennomført over Skype

Tilstade:

Åshild Fredriksen (UiT),
Are Raklev (UiO),
Børge Hamre (UiB),
Thomas Gjesteland (UiB),
Jon Samseth (SINTEF),
Morten Trudeng (Asker vgs.),
Åsmund Sudbø (UNIK)
Arne Auen Grimenest (NMBU)
Ole Martin Løvvik (UiO)
Kjersti Gausvik (UiT)

Meldt fråfall:

Jan Petter Hansen (UiB),
Eli Olaug Hole (UiO)
Wojciech Miloch (UiO)
Håvard Helstrup (HiB),

Sakar som har vore handsama på sirkulasjon:

Sak 40/14 Godkjenning av referat

Referat er godkjent på sirkulasjon

Sak 1/2015 Tilskot til Scandinavian Symposium on Physical Acoustics

Vedtatt på sirkulasjon: Det gis tilskot på kr 7000 i støtte til student deltaking på Scandinavian Symposium on Physical Acoustics. Me ber om at det vert skrevet ein kort rapport frå møtet som publiserast i FFV.

Sak 2/2015 Orienteringssakar

a) Scandinavian Symposium on Physical Acoustics at Geilo, Februar 1 - 4 2015, det var 44 deltakarar og 27 foredrag

b) Møte for EPJ Scientific Advisory Committee skal haldast i Bergen med Per Osland som arrangør, 17. april 2015. En representant frå leiinga i NFS er invitert til middagen torsdag 16. april.

c) Konto i Pareto Bank er åpnet og aktivisert. Høyrentekonto her gir 2.5 % rente.

d) Rekrutteringsbrev til kollegaer i U&H-sektoren er spredt til universitetene der me har kontaktar. Må følgjast opp. Rekrutteringsbrev til studentar er ferdigstilt, distribuering gjenstår

e) Referat frå møte i Executive Committee (EC) - Lausanne 2-3 November 2014 frå Ari Friberg

f) Appell fra Ukrainian Physical Society

g) EPS uttrykker bekymring over kutt i EU-forskning

h) Oppdatering frå gruppeleiar optikk/akustikk: Rolf Korneliussen overtar som leiar (styremedlem) i 2015 og Børge Hamre fungerer som vara – med grunngjeving i arbeidsdelinga i gruppa.

i) EPS Council har vært holdt i Bad Honnef 27-28. mars.

Sak 2/2015 Økonomi

Det vart orientert om budsjett frå 2014. Sak var til orientering.

Sak 4/2015 Forberedningar til årsmøte i Trondheim under Nordic Physics Days i juni

Forslag til vedtak:

Styret ber valkomiteen starte arbeidet med val på årsmøtet.

Styret ber om at to timer avsetes til årsmøtet og 90 min avsetes til prisforedrag i programmet til Nordic Physics Days.

VEDTATT:

Styret ber valkomiteen starte arbeidet med val på årsmøtet.

Styret ber om at to timer avsetes til årsmøtet og 90 min avsetes til prisforedrag i programmet til Nordic Physics Days.

Sak 5/2015 Utlysing av prisar

Forslag til vedtak:

Tidsfrist for nominasjonar setes til 15 april

Utvelgingskomiteer: Kandidatar til Vinghøgprisen vurderast av en komite bestående av Bjørnar Daa, Vinghøg, Åshild Fredriksen, Børge Hamre, Åsmund Sudbø (spørres), NN (forslag mottas gjerna)

Kandidatar til Undervisningsprisen vurderast av styret i NLF eller dei som peikast ut av NLF.

Kandidater til Martin Landrøs pris vurderast av ein komité bestående av Are Raklev (leder), Åshild Fredriksen og NN (forslag mottas gjerna)

Ein skrive ein annonsering til FFV snarast.

VEDTATT med følgjande endringar (merka med feit skrift):

Tidsfrist for nominasjonar setes til 15 april

Utvelgingskomiteer: Kandidatar til Vinghøgprisen vurderast av en komite bestående av Bjørnar Daa, Vinghøg, Åshild Fredriksen, Børge Hamre, Åsmund Sudbø (spørrast), **tidlegare vinnar**. Kandidatar til Undervisningsprisen vurderast av styret i NLF eller dei som peikast ut av NLF. Kandidatar til Martin

Landrøs pris vurderast av ein komité beståande av Are Raklev (leder), Åshild Fredriksen og **Gaute Einevold**

Ein skrive ein annonsering til FFV snarast.

Sak 6/2015 Endring av år for det store Fysikermøte og gruppemøte Forslag til vedtak:

Det store Fysikermøte arrangeras i partals-år. Gruppene held sine møter i årene det store Fysikermøtet ikkje arrangerast. Til årsmøtet foreslå følgjande endringar i statuttane: Det setes inn et tillegg etter siste setning i §5: "Årsmøtet kan fatte vedtak om avvik i valperioden."

VEDTATT med endringar:

Det store Fysikermøte arrangeras i partals-år. Gruppene **oppfordrast til å halde** sine møter i årene det store Fysikermøtet ikkje arrangerast . Til årsmøtet foreslåast følgjande endringar i statuttane: Det setes inn et tillegg etter siste setning i §5: "Årsmøtet kan fatte vedtak om avvik i valperioden."

Sak 7/2015 NPD2015 – abstrakts og registrering

Forslag til vedtak: Styret tok orienteringa til etterretning.

VEDTATT:

Styret tok orienteringa til etterretning.

Sak 8/2015 Year of Light

Forslag til vedtak: Styret tok orienteringa til etterretning.

VEDTATT:

Styret tok orienteringa til etterretning.

Sak 9/2015 Overgang til elektronisk fakturering

Forslag til vedtak: Styret tok orienteringa til etterretning.

VEDTATT:

Styret tok orienteringa til etterretning.

Sak 10/2015 Facebook-sider

Forslag til vedtak: Styret tar orienteringa til etterretning. Administreringen av siden justeres på bakgrunn av forslag som kom fram i debatten.

VEDTATT:

Styret tok orienteringa til etterretning.

Sak 11/2015 Ny e-post

Forslag til vedtak: Styret sluttar seg til at det oppretting ny e-post-adresse for Selskapet.

VEDTATT:

Styret sluttar seg til at det oppretting ny e-post-adresse for Selskapet.

Sak 12/2015 FFV – sakar

Forslag til vedtak:

1. Per Osland, UiB, oppnamnas som medlem av redaksjonskomiteen for FFV.
2. Det sendes ein grunngjeving på søknad (i skjema på nettstaden <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/>) om godkjenning av FFV på nivå 1.

VEDTATT:

1. Per Osland, UiB, oppnamnas som medlem av redaksjonskomiteen for FFV.

Del to er utsatt.

Sak 13/2015 Søknad frå NOFFO om støtte til møte

Forslag til vedtak:

Søknaden frå NOFFO om midlar til Norske Fysikkstudentars Konferanse i Oslo 6.-8. mars støttes med kr. 8000.

VEDTATT:

Søknaden frå NOFFO om midlar til Norske Fysikkstudentars Konferanse i Oslo 6.-8. mars støttes med kr. 8000.

Sak 14/2015 Nye medlemmar

Forslag til vedtak:

Alle søkjarar godkjennast som medlemmar av Norsk fysisk selskap (NFS) per dags dato.

VEDTATT:

Alle søkjarar godkjennast som medlemmar av Norsk fysisk selskap (NFS) per dags dato.

Nye medlemmer er:

Namn	Grad/stilling	Arbeidsgjevar
Anja Røyen	Postdoc.	UIO
Annett Thøgersen	Stipendiat	UIO
Dheeraj Dasa	PhD frå NTNU Senior Engineer,	Senior Engineer, Crayonano AS, Trondheim
Eirik Øvrum	1.amanuensis	Høgskolen i Buskerud
Jesper Friis	Seniorforsker	NTNU
Turid Torheim	Stipendiat	NMBU
Carl Andreas Lindstrøm	Stipendiat	UIO
Ingrid Skjei Knudtsen	Stipendiat	UIO
Lars Hoff	Professor	Høgskolen i Buskerud
Therese Renstrøm	Stipendiat	UIO